



Transport- og kommunikasjonskomiteen
Stortinget

0026 OSLO

Dato
29.05.2009

Nasjonal transportplan - Vegsamband Bergen-Trondheim gjennom Sogn

Sogn regionråd er samansett av kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd ønskjer ei utgreiing av eit evt. framtidig vegsamband Bergen-Trondheim gjennom Sogn. Vegsambandet vil dekkja nasjonale og regionale behov ved at vegstrekninga Bergen-Trondheim vert kortare.

Eit slikt vegsamband gjennom Sogn kan redusera reiseavstanden samanlikna både med dagens E39, som er hovudsambandet nord/sør på Vestlandet, og dagens raskaste vintersamband over Strynefjellet. Dagens E 39 utgjer 661 km og har 6 ferjer (reduert til 4 ferjer med Kvivsvegen). Raskaste vintersamband i dag over Strynefjellet utgjer 697 km. Eit vegsamband gjennom Sogn vil korta reiseavstanden samanlikna med begge desse strekningane. Vegalternativ som Statens vegvesen har skissert viser at reiseavstanden vil bli frå 26 km til 49 km kortare enn dagens E39. Vegsamband gjennom Sogn vil bli med ei ferje eller kunne bli ferjefritt. Vegsambandet stiller krav om tunnelutbygging Luster-Lom og betra vegstandard på andre strekningar i og utanfor regionen m.a. er det vist at Bøverdalen-Lom har låg vegstandard. Vedlagt følgjer presentasjon frå Statens vegvesen som er ei grovvurdering gjort på bakgrunn av kontakt frå Sogn regionråd.

Sogn regionråd ønskjer at det vert utarbeidd ei utgreiing som viser nasjonale, regionale og lokale verknadar av vegalternativ gjennom Sogn. Utgreiinga bør belysa dei samfunnsøkonomiske verknadene i tillegg til å analysa transportmønsteret ved ulike vegalternativ.

Sogn regionråd ber Transport- og kommunikasjonskomiteen om å ta inn følgjande formulering i innstillinga til Nasjonal transportplan:

Til neste rullering av Nasjonal transportplan ber komiteen om at det vert laga ei utgreiing om eit mogleg heilårs tverrsamband mellom Bergen og Trondheim om Sogn. Utgreiinga må vise nasjonale, regionale og lokale verknader av eit slikt samband med ulike alternativ for strekninga sørsida av Sognefjorden – Fortun – Lom.

Med helsing

Jarle Aarvoll
leiar i Sogn regionråd
(sign)

Karina Nerland
dagleg leiar
(sign)

Vedlegg: Presentasjon frå regionvegsjef Olav Ellevset av 24.4.2009